

Referat frå elevråd 21.01.26

Tilstades; Viktor, Mats, Kristian Elias, Trygve, Oda, Ingveig og Kristin

Sak 35 Film 2, («Gje beskjed til ein vaksen») korleis ligg me an?

Manuset byrjer å bli klart. Me satsar på å filme i løpet av kort tid, Oda redigerer filmen etterpå.

Sak 36 Evaluering graut og julefest

Grautfest var koselig, kjekt med faddertid, men det var litt lite graut.

Julefesten var kjekt, nesten alle var med å gjekk rundt juletreet, det var veldig kjekt. Elevane gav uttrykk for at dei set pris på å kunna fekk vera med å bestemma kva klassen skal gjera og kven som seier kva på scenen. Me fortset med julefesten på same måte neste gong.

Sak 37 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga visar at elevane på Hognestad stort set svarar likt eller betre enn gjennomsnittet i Noreg. Men me ligg litt under snittet på kor godt ein likar skularbeidet og om ein er interessert i å læra på skulen. Elevrådet kjem med innspel og ynskjer meir variasjon i timane og kanskje litt avbrekk/pauseaktivitetar. Me har ikkje tal på kor mange som ikkje har nokon å vera med i friminuttet, men hverken skulen eller elevrådet har inntrykk av at det er elevar på Hognestad som går åleine utan å ha nokon å vera med. Me er òg glade for at tala på kor mange som vert utsett for mobbing har gått ned.

Elles svarar elevane høgt på meistring og medverknad, noko som er veldig bra. Elevane har svart litt lågare enn dei andre elevane i Time kommune på om dei opplever at læraren bryr seg om dei, men elevrådet kjem med innspel om at det kan ha noko med kva lærar ein har. Det same gjeld om ein lærar grip inn dersom ein ser at nokon vert utset for krenkande ord eller handlingar. Elevane svarar òg at dei ikkje får tilbakemelding frå lærar om kva som er bra og kva som kan verta betre, her har me litt å jobba med på skulen. Når elevrådet vert spurd om dei har nokre tankar om forbedring kjem dei med innspel om at det òg kan handla om deira innstilling, at det er viktig å tenkja positivt om skule og skularbeid.

Sak 38 Bokveke

Me har no fokus på lesing gjennom heile skuleåret, og har presentasjon av nye bøker og er med på sommarles. Det betyr at me ikkje kjem til å ha bokveke som før framover.

Sak 39 Karneval

Me har ikkje kapasitet til å karneval når me er så få lærarar.

Sak 40 Eventuelt

AL: Rektor informerer om at me har fått tilbod om gratis leikekurs gjennom TL og takka ja til det. Så dei nye ALane skal få gå på kurs og lære nye leiker i løpet av vinteren.

Referent

Kristin

Elevrådskontakt